



Mandag
5. november
til Fredag
23. november



#ErDuSikker?

Bli med i årets trafikk-konkurranse i november

Hordaland fylkeskommune og Trygg Trafikk har glede av å invitere skulane i Hordaland til å delta i trafikk-konkuransen #ErDuSikker? 2018.

#ErDuSikker? er ein konkurranse mellom vidaregåande skular i heile landet. Skulane konkurrerer om å samle flest poeng innan trafikksikring. For å samle poeng må elevane levere ulike digitale oppdrag som er enkle å gjøre og som ikkje krev tid frå undervisninga. Jo fleire som leverer oppdrag, jo meir poeng får skulen. Skulen med mest poeng etter tre veker vinn ein konsert med den kjende artisten Arif.

Elevar frå same fylke konkurrerer om å vinne eit stipend på 15 000kr. For å vinne må eleven levere alle oppdragene i konkurransen.

I 2018 varer konkurranse i tre veker frå mandag 5. november - fredag 23. november.

Kvifor delta?

Effekten av #ErDuSikker? vart evaluert av Transportøkonomisk Institutt (TØI) i 2017. Evalueringa viser at elevar som har deltatt i #EDS har fått auka kunnskap og seier frå oftare enn elevar som ikkje har deltatt i #EDS. TØI konkluderer med at: Alt i alt ser det ut til at et tiltak slik som #EDS har effekter på ungdoms trafikksikkerhet.

Nytteverdi for skulen

- Innhaldet i konkurranse oppfyller skulen sine forpliktingar i generell del.
- Elevane får auka kunnskap om trafikk og trafikksikring.
- Konkurranse skapar engasjement og samhald på skulen og får gode tilbakemeldingar frå elevar og lærarar.

- Det tar lite eller inga tid frå undervisninga.
- Temaet er aktuelt for alle elevar som er trafikantar kvar dag, uavhengig av om ein bur i Bergen eller andre stader i fylket.
- Det er gratis for skulen å delta.
- FEIDE-innlogging som gjer det enkelt for elevane å levere oppdrag.
- Konkurranse er enkel å gjennomføre og skulen får alt materiell frå Trygg Trafikk.

#ErDuSikker? vert støtta av Elevorganisasjonen (elev.no)

Kva trengs frå skulen si side?

Ein kontaktperson som er tilsett på skulen med ansvar for å legge til rette for gjennomføringa av konkurranse:

- Rekruttere ressurslevar med ansvar for å informere og drive konkurranse på skulen.
- Planleggje og gjennomføre kick-off på skulen i skuletida for alle elevar.
- Motivere elever til deltaking.
- Informere lærarar og tilsette om konkurranse.

Les meir om gjennomføringa av konkurranse og førebuingar på www.erdusikker.tryggtrafikk.no

Korleis melde seg på konkurranse?

Påmelding til #ErDuSikker? vert gjort på nettsida:

www.erdusikker.tryggtrafikk.no

Der ligg det også informasjon om kva som skal til for å vinne konkurranse og konserten og korleis konkurranse kan planleggjast og gjennomførast på best mogleg måte.

Med
venleg helsing

Gunhild Raddum
Hordaland fylkeskommune
samferdselsavdelinga

tlf. 993 13 458

epost: gunhild.raddum@hfk.no

Knut Olav Nestås
distriktsleiar for Trygg Trafikk

tlf. 412 06 132

epost: nestas@tryggtrafikk.no



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE

www.facebook.com/erdusikkerkonkurranse